

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet • Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvegen 9 • Telefon: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no • www.vestlandsraadet.no

Vestlandsrådets **teams**-møte

20. januar 2022 kl. 09.00 – 14.00

Opning

v/Tove-Lise Torve, leiar av Vestlandsrådet 2021.

Torve gir stafettpinnen vidare til Rogaland fylkeskommune, i og med at vi no kan skrive 2022 og leiarvervet i Vestlandsrådet går over til Rogaland.

Møtet blir leia av Marianne Chesak, fylkesordførar i Rogaland.

- a. Konstituering
- b. Namneopprop
- c. Godkjenning av innkalling
- d. Godkjenning av sakliste

Næringsstrategien for Vestlandet - energi som sentral utfordring for «den store omstillinga»

Vestlandsrådets politiske plattform slår fast at rådet skal satse grønt når «Den store omstillinga» skal gjennomførast dei komande åra.

I næringsstrategien blir det sett fokus på dagens energisituasjon og framtidig energitilgang på fornybar energi, som ein føresetnad for å få til den store grønne omstillinga.

- Korleis er eigentleg energisituasjonen for Vestlandet, og korleis er utsiktene framover?
- Frå fossil til fornybar kraft – kva er mulegheitene? Har vi nok - eller tidsnok - kraft til den store omstillinga?
- Kor mykje kan hentast ut av allereie utbygd vasskraft? Vil det monne?
- Bør / må elektrifisering av sokkelen settast på vent?

- Er rammevilkåra for fornybare energikjelder gode nok?
- Vil natur og miljø igjen bli taparar når store omstillingsprosessar skal gjennomførast?
- Korleis har kraftprisen innverknad på krafttilgang og kostnader til den store omstillinga? Vil kraftprisutviklinga kunne lamme omstillingsevna og omstillingsvilja i næringslivet?

Mange spørsmål kan stillast – difor går utfordringa til Statkraft, Statnett og eviny (tidl. BKK).

09.20 – 09.50:

1) Produksjon av rein kraft er ein ting. Å få krafta – og nok kraft – fram til der ein treng ho ein annan. Kva seier Statnett si Nettutviklingsplan om energisituasjonen i Norge generelt og Vestlandet spesielt?

Innleiing: Statnett v/Gunnar Løvås, konserndirektør for Kraftsystem og Marked

09.50 – 10.20:

2) Korleis ser framtida ut når det gjeld rein krafttilgang for Vestlandet? Er den store omstillinga realistisk?

Innleiing: Statkraft v/Ivar Arne Børset, Strategi og utvikling for forretningsområdet Produksjon og industrielt eierskap.

10.20 – 10.50:

3) Situasjonen på Vestlandet – korleis oppleves kraftsituasjonen og kva må gjerast for å muleggjere ei storstilt grøn omstilling i dei næraste 10-åra?

Innleiing: eviny (BKK) v/ adm.dir Jannicke Hilland.

10.50 – 11.00:

Pause

11.00 – 12.00:

Spørsmål og diskusjon

.....
12.00 – 12.15 Pause («lunsj»)
.....

12.15 – 12.30:

4) Intern organisering av det vidare arbeidet – modellar og foreslått løysing.

Vestlandsrådet må ta aktivt eigarskap til næringsstrategiens innhald og korleis ein organiserer arbeidet dei neste åra

- Næringspolitisk forum
- Arbeidsgruppe(r)/prosjektleder- og sekretærfunksjon
- Forholdet til fylkeskommunane sine basisorganisasjonar

v/ Ottar Brage Guttelvik, fylkeskommunedirektør Møre og Romsdal

Spørsmål.

Diskusjon tas i samband med behandling av sak 02/2022.

12.30 – 12.45:

5) Korleis vil Vestlandsrådet og AU arbeide vidare med næringsstrategien?

AU har ein uttala ambisjon om å agere enda meir aktivt på vegne av Vestlandsrådet, ikke minst overfor Regjering, Storting, organisasjonar, media, osv. Korleis kan og vil AU ta tak i dette – og korleis få til å opptre med «ei stemme»? Er mulegheitsrommet etter stortingsvalet blitt større? Og korleis utnytte det? Korleis kan ein sjå for seg arbeidsprosessane vidare?

v/Tove-Lise Torve, fylkesordførar i Møre og Romsdal.

Spørsmål.

Diskusjon tas i samband med behandling av sak 02/2022.

12.45 – 14.00 Vestlandsrådets formelle møte

Saksliste:

| | |
|----------------|---|
| VR-sak 01/2022 | Protokoll frå Vestlandsrådets møte 2. september 2021 |
| VR-sak 02/2022 | Oppfølging av Vestlandsrådets vedtak om «Næringsstrategi for Vestlandet» og organisering av arbeidet framover |
| VR-sak 03/2022 | Oppdatering av samarbeidsavtalen m.v. for Vestlandsrådet |
| VR-sak 04/2022 | Om arbeidet i AU 2. halvår 2021 – orienteringssak |

VR-sak 05/2022

Eventuelt

14.00 Avslutning

Vestlandsrådet

Saksbehandlar:

Christian T. Aasen

VR-sak 01/2022 Protokoll frå Vestlandsrådets møte 2. september 2021

Siste ordinære – og fysiske – møte i Vestlandsrådet var 2. september 2021 i Ålesund. Protokollen frå møtet er utsendt tidlegare, og følger også vedlagt.

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgande forslag til vedtak:

Protokollen frå Vestlandsrådets møte 2. september 2021 godkjennes.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkeskommunedirektør

Saksbehandlar:

Dagfinn Aasen

Christian T. Aasen

VR-sak 02/2022

Oppfølging av Vestlandsrådets vedtak om 'Næringsstrategi for Vestlandet' og organisering av arbeidet framover

1 Innleiing

Vestlandsrådet har det siste året prioritert arbeidet med å utvikle ein samla næringsstrategi for Vestlandet. Rådet fatta følgande vedtak i møte 2. september 2021, sak 15/2021:

- 1 Vestlandsrådet vedtek «Næringsstrategi for Vestlandet» - med overnevnte merknader og forslag - og ynskjer å nytte denne som grunnlag for arbeidet med den store omstillinga, som Vestlandet vil stå overfor dei komande åra.
- 2 Vestlandsrådet ber administrasjonen i kvart fylke om å innarbeide relevante tiltak i sine eigne handlingsplanar og strategiar, og samstundes gjere det tydeleg at dette er utfordringar for heile Vestlandet.
- 3 Vestlandsrådet vedtek å etablere eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet" for aktivt å følgje opp dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om.
- 4 Vestlandsrådet ber fylkeskommunedirektøren om å utarbeide ei sak til Vestlandsrådets møte 25. november 2021 med framlegg til mandat og medlemmar til eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet". Det er naturleg at saka også synleggjer administrativ organisering/ressursbehov.

Det som frå no av blir viktig, i åra som kjem, er å omsette strategien til praktisk handling. Mange har deltatt i arbeidet med å utmeisle næringsstrategien, og det er naturleg nok store forventningar til oppfølginga. Det kan bli eit svært krevande arbeid å bidra til å utvikle næringslivet på Vestlandet i grøen retning, inn i «Den store omstillinga». Fylkeskommunane må snakke med ei stemme framover, og etablere godt samarbeid seg imellom og med statlege styresmakter, næringslivsorganisasjonar, m.v.

Fylkeskommunane og alle som er knytta til Vestlandsrådet må framheve Vestlandsrådet som sentral aktør når det gjeld framtidig næringsutvikling og bærekraftig omstilling på Vestlandet. Ut frå intensjonen i den politiske plattformen er det Vestlandsrådet som i stor grad bør vere den som står i front overfor sentrale styresmakter, kanskje meir enn den enkelte fylkeskommune.

Vestlandet er ein samansett og mangfoldig landsdel, men følgande kan nok seiast å gjelde for heile regionen:

Havregionen.

Havet er grunnlaget for Vestlandet sine sterke næringar. I havet ligg mange av dei største mulegheitene for vidare vekst, grøn omstilling og nye eksportnæringar. Vestlandet har potensial til å ta posisjonen som den fremste havregionen, ikkje berre nasjonalt, men også internasjonalt. Havnæringane må sikrast gode rammebetingelsar.

Eksportregionen.

Vestlandet er Norges fremste eksportregion i dag. For å oppretthalde denne posisjonen må eksporten aukast framover og ta nye globale posisjonar. Det bli svært viktig å sørge for effektive kommunikasjonar som kan lette eksportutfordringane.

Energiregionen.

Vestlandet er storprodusenten av olje og gass. Sjølv om fossil energi vil bli fasa ut over tid, vil norsk naturgass vere viktig i transformasjonen til fornybarsamfunnet i fleire 10-år framover. Men langt viktigare enn dette er det at Vestlandet har store mengder fornybar kraft i form av vasskraft. I tillegg har Vestlandet sterke teknologi- og kompetansemiljø for utvikling av nye energikilder, og etterkvart vil også vindkraft/havvind og hydrogen supplere dette.

Utfordringane når det gjeld energitilgang kan difor vere meir knytta til nettkapasiteten og infrastrukturen enn til den framtidige kraftproduksjonen.

2 Framtidige utfordringar.

Beskrivelsen i Næringsstrategien (29.6.2021) blir oppfatta som god og tydeleg.

Del 3 (s. 22 – 36) omfattar ei beskriving av Komparative fortrinn, Forutsetningar for å lykkes, og Ambisjoner & hovedstrategier. Her er det eit breitt spekter av utfordringar, og det må ei systematisk oppfølging til om desse tankane, ideane, planane skal kunne omsettast i praktisk handling.

Del 4 (s. 37 – 39) gjeld «Anbefalinger til vidare arbeid». Overordna blir det uttrykt slik:

- «Vestlandsrådet må sørge for at ord omsettes til handling gjennom samarbeid og tydelig kommunikasjon om fortrinnene til Vestlandsfylkene».
- «Vestlandsrådet må jobbe for rammebetingelser som styrker næringsutvikling på Vestlandet».

Ut frå det omfattande utfordringsbiletet som blir presentert i Næringsstrategien kan viktige oppgåver også beskrivast slik:

- Tydeleggjering av næringspolitikken: gjere næringsstrategien kjend, både regionalt og nasjonalt, og snakke med «ei felles stemme» for Vestlandet. Dette kan bidra til å knyte fylka på Vestlandet sterkare til kvarandre, auke samarbeidet fylka imellom, framheve kvarandre meir og konkurrere mindre

- Internt samarbeid på Vestlandet: Å få til eit sterkare samarbeid mellom Vestlandsrådet, fylkeskommunane og næringsklyngane, m.v., og stimulere næringsklyngane som katalysatorar for den store omstillinga
- Bevaring av naturkvalitetar og miljø: I størst mogleg grad må ein unngå konflikt med natur og miljø. Berekraft er framtidens mantra, og nødvendige avvegingar må gjerast. På lang sikt må bevaring av naturkvalitetar og miljø vere bestemmande for samfunnsutviklinga. Tiltak som er til skade for miljø og natur er ikkje berekraftig, og ikkje «grøn». Reint miljø og gode kulturlandskap vil på sikt kunne vere avgjerande for omverdas syn på Vestlandet
- Posisjonering for makt og innflytelse: Å få ta del i «makta»; få større innflytelse på den nasjonale (nærings)politikken, for å sikre rammebetingelsar som gjer det mogleg å realisere potensialet for nye, grønne eksportnæringar og verdikjeder og ta global posisjon. Sette fokus på Stortingsmiljøet – benytte dei tre stortingsbenkane på ein effektiv måte. Ta initiativ til faste felles møteplassar med dei tre stortingsbenkane samla.
- Grøn energi: Arbeide aktivt for å auke tilgangen på grøn energi – krafttilgangen kan lett bli ein flaskehals i omstillingsarbeidet
- Teknologiutvikling: Satse på teknologiutvikling og få produksjonen høgare opp i verdikjeda – auka verdiskaping nødvendig
- Kompetanseutvikling: Omstilling og omdanning innan næringane krev god kompetanse. Det blir viktig å koble saman innovative miljø og skape meirverdi ved å auke samarbeidet mellom fagskolar, høgskolar og universitet. Det bør vurderast om forsknings- og innovasjonsmiljø utanfor dei ordinære utdanningsinstitusjonane bør inviterast med i det vidare arbeidet med næringsstrategien.
- Reiselivet: Utvikle reiselivsnæringa i enda større grad. Reiseliv er eit godt eksempel på langvarig samarbeid på Vestlandet. Å vidareutvikle reiselivet, med natur, kultur, opplevingar, omdømmebygging, transport, mv. – i eit grønt perspektiv – vil vere ei viktig vekstnæring. Nødvendige naturinngrep må vere skånsame, med reell berekraft, jfr. verdsarvfjordar, m.v.
- Bo- og arbeidsmarknadsregionar: Utvikle gode bo- og arbeidsmarknadsregionar, by- og tettstadsutvikling, auke tilgangen på arbeidskraft. Dette vil også kreve satsing på å forbetre kommunikasjonane
- Kommunikasjonar og samferdsel: Vegnettet er mangelfullt og sårbart. Skal næringslivet ha gode utviklingsmulegheiter, må eksport/transport ut av regionen og fram til marknadane bli enklare. Nytte-/varetransport må i langt større grad enn i dag overførast frå veg til sjø og bane. Sjøfart er Vestlandets og Norges fortrinn, det vil redusere belastninga og kostnadane på vegnettet.

Det næringspolitiske forumet – som no blir oppnemnt – må drøfte korleis ein skal ta nærare tak i alt dette. Forumet må få rom for å prioritere det som til eikvar tid synes mest aktuelt innafor den heilskapen som Næringsstrategien trekkjer opp. Det blir i så fall ein slags parallell til Nye Veier, der porteføljen er omfattande, men der ein kan starte med det som er dagsaktuelt og gryteklart.

3 Organisering av arbeidet med å følge opp «Næringsstrategien for Vestlandet»

3.1 Bakgrunn

Vestlandsrådet kan sjølv, ut frå samarbeidsavtalen og kommunelova, organisere sitt arbeid, opprette underliggende organ/arbeidsgrupper, etc. for å utgreie og gjennomføre aktuelle oppgåver. Rådet har i samband med Næringsstrategien allereie vedtatt at det skal opprettast eit **Næringspolitisk forum**, som skal arbeide på oppdrag frå Vestlandsrådet.

Det næringspolitiske arbeidet foreslås utforma og organisert slik:

- Mandat for det næringspolitiske forumet
- Oppnemning av medlemmar i forumet
- Arbeidsgruppe/ad hoc-grupper
- Prosjektleiing

3.2 Forholdet til dei tre fylkeskommunane

Vestlandsrådet er eit sjølvstendig organ, og utfører sine oppgåver etter delegering frå fylkeskommunane, ut frå konsensusprinsippet.

Fylkeskommunane har som ei av sine viktigaste oppgåver å arbeide med regional utvikling og næringsutvikling i brei forstand. I den vedtatte politiske plattformen for Vestlandsrådet har fylkeskommunane uttrykt at ein kan oppnå enda meir om ein kan arbeide saman – med ei felles stemme – overfor sentrale styresmakter, etc. enn det fylkeskommunane kan få til kvar for seg.

Næringsstrategien for Vestlandet er difor utvikla i eit samarbeid mellom fylkeskommunane, næringsorganisasjonar, akademia, og mange fleire, og det blir viktig å fange opp dette mangfaldet i måten det vidare arbeidet blir organisert på. Ikkje minst også fordi dette vil ha eit langsiktig perspektiv, kanskje 5-10 år.

Det næringspolitiske forumet er vedtatt oppretta av Vestlandsrådet, det blir gitt mandat av rådet, og det er da naturleg at det blir leia av rådet v/Arbeidsutvalet. Dette inneber at rådet/AU da også tek ansvar for det vidare arbeidet, og forankrar det i fylkeskommunane.

I og med at dei tre fylkeskommunane som regionale utviklingsaktørar arbeider med samfunnsutvikling lokalt og regionalt, og ofte i partnarskapsordningar, er det fleire prosjekt og prosessar som er i gang i fylkeskommunane, og som er organisert på ulike vis. Da kan det kanskje vere nærliggande å prøve å organisere Vestlandsrådets prosess inn i noko eksisterande.

Men eit viktig poeng er at Vestlandsrådet sin «Næringsstrategi for Vestlandet» skal vere den felles politiske stemma frå Vestlandet, og da må den vere tydeleg og synleg, både i form og innhald, og ikkje bli «skjult» i fylkeskommunane sine løpande arbeidsopplegg.

Det næringspolitiske forumet bør difor få sin plass i tillegg til dei organ og grupper som eventuelt måtte finnast i dei tre fylkeskommunane pr. idag.

Skal eit næringspolitisk forum som dette, med brei deltaking frå mange sektorar i samfunnet, kunne bli eit nyttig organ, må forumet ha ei arbeidsgruppe og ei prosjektleiing som sørger for å ta gode initiativ, som planlegg arbeidet og legg godt tilrette for effektiv samhandling.

Ei skisse til muleg organisering følgjer som vedlegg.

3.3 Det næringspolitiske forumet

Vestlandsrådet oppnemner sjølv medlemmane i forumet.

Forumet blir foreslått leia av AU, og at leiarvervet går på omgang mellom fylkesordførarane. Gjennom dette vil Vestlandsrådet (og dermed også fylkeskommunane) ha nødvendig «kontroll» på arbeidet.

Det blir viktig å få med riksdekkande og regionale organisasjonar som LO, NHO, IN (Innovasjon Norge) som medlemmar. Dette er organisasjonar som allereie har regional organisering, og som er sentrale i fylka sine partnerskapsordningar.

Representantar frå næringsorganisasjonar, næringsklynger, academia, mv. som er sentrale aktørar sett i lys av prioriterte områder i Næringsstrategien, kan og bør inviterast inn i forumet, v/ sine leiarar. Fleire slike organisasjonar var med i den tidlegare **styringsgruppa**, som med stort engasjement var med i utarbeidinga av Næringsstrategien. Dette gjeld m.a.:

- **GCE Blue Maritime Cluster:** Den maritime klyngen på Møre blei i 2014 oppgradert til Global Centre of Expertise (GCE). Hovedkontoret ligg i Ålesund, og blir administrativt drifta av Ålesund Kunnskapspark AS (ÅKP AS). Klynga består av om lag 220 bedrifter frå alle segment i verdikjeda, og er med det den største og mest veletablerte næringsklynga i Norge.
- **GCE Subsea:** Klyngen har tradisjonelt hatt ein sterk posisjon i olje- og gasssektoren. Etterkvart som denne sektoren gradvis vil bli bygd ned, har GCE Subsea endra sin posisjon, og ut frå sin styrke og kompetanse frå subsea-aktivitetar sett viktigheita av å satse på nye marknader. Navnet er som ledd i dette endra til **GCE Ocean Technology**. Satsinga framover vil muleggjere vekst, auka eksportinntekter, fleire nye arbeidsplassar og redusere risiko i kundeporteføljen. Å fremme norsk, grøn havteknologi i internasjonale marknader i åra som kjem vil bli svært viktig.
- **NCE Blue Legasea:** Målet er at klyngen skal vere ein karalysator for unikt tverrsektorielt samarbeid, for å styrke verdiskaping og konkurransekraft for medlemsbedriftene og Norge som fiskerinasjon. Gjennom radikale innovasjonar innan fangst, fiskeri- og prosessteknologi, samt verdiauking på maritime produkt, skal Blue Legasea løfte ein av Norges viktigaste eksportnæringar, samtidig som ein arbeider for å posisjonere Norge som foregangsnaasjon på FNs bærekraftsmål. (NCE = Norwegian Centres of Expertise).
- **Fjord Norge AS** er landsdelselskapet for dei tre Vestlandfylka. I samspel med destinasjonsselskap og andre leiar Fjord Norge det internasjonale marknadsføringsarbeidet for Fjord Norge-regionen. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar.

I tillegg kan NCE Clean Tech vere naturleg å ha med. **NCE Maritime Clean Tech** – Cluster for Clean Maritime Solutions, er ei næringsklynge lokalisert på sørvestlandet med hovedyngde i regionen mellom Bergen og Stavanger. Klyngen arbeider m.a. med å styrke deltakarane si konkurransekraft ved å utvikle og lansere innovative løysingar for energieffektivisering og reine maritime aktivitetar.

Andre aktørar kan trekkjast inn ved behov, t.d. representantar frå logistikkmiljø, høgare utdanning, etc.

Alt dette kan tilseie eit strategisk forum på om lag 10 – 12 medlemmar.

Kor ofte eit slikt forum bør møtast (fysisk og/eller digitalt) er det vanskeleg å seie noko konkret om, det må ein finne ut av når ein startar opp, men i ein etableringsfase kan det vere grunnar for å møtast relativt ofte. Det må forumet sjølv kunne avgjere.

Sekretariatsleiaren for Vestlandsrådet bør delta i møta i Forumet, slik at ein sikrar god informasjonsflyt inn til Vestlandsrådet.

3.4 Arbeidsgruppe.

Skal forumet kunne arbeide effektivt, må nokon førebu faglege tema. Det kan gjerast av ei eiga *arbeidsgruppe*.

I arbeidet med Næringsstrategien vil Vestlandsrådet og den enkelte fylkeskommune gjerne ha fleire samanfallande faglege utfordringar. Arbeidsgruppa bør vere nært knytta til fylkeskommunane sin organisasjon/administrasjon. Dette fordi dei da kan bidra med kunnskap om saker som ligg i grenselandet mellom det fylkeskommunane sjølv skal ta seg av, og det som er relevant for det Næringspolitiske forumet, jfr. pkt. 2 i Vestlandsrådets vedtak innleiingsvis i denne saka.

Det er difor natuleg at arbeidsgruppa for Forumet kan bestå av sentrale leiarar i fylkeskommunane, i første rekkje leiarane frå næringsavdelingane. I utgreiingar etc. kan dei trekkje vekslar på medarbeidarar i sine avdelingar.

Dette kan tilseie ei arbeidsgruppe på 3 personar.

3.5 Ad hoc-grupper

I tillegg til drøftingar i Forumet og Arbeidsgruppa, kan det oppstå behov for ytterlegare utgreiingar, etc. Dette kan utførast av medarbeidarar eller kontaktar som har spesiell innsikt på spørsmål som kan vere aktuelle. Både forumet og arbeidsgruppa må da ha fullmakt til å sette ned ad hoc-grupper el.l. til hjelp i prosessane.

3.6 Prosjektleiing

For at Forumet og Arbeidsgruppa skal kunne arbeide best mogleg må nokon førebu arbeidet og prosessane.

Kor effektivt Forumets arbeid blir vil avhenge av ressursinnsatsen. Forumet bør truleg ha ein eigen prosjektleiarfunksjon. Vestlandsrådet er felles organ for dei tre fylkeskommunane, og dette tilseier at denne funksjonen ikkje bør utgå frå ein av fylkeskommunane. For å byggje kunnskap og erfaring trengs kontinuitet, og i og med at Forumet kan ha eit 5-10 års perspektiv på sitt arbeid, bør prosjektleiarordninga etablerast som fast, t.d. for 4-5 år, med mogelegheit for forlenging.

Prosjektleiarfunksjonen bør utlysast, og denne ressurspersonen må både ha fagleg og kommunikasjonsmessig kompetanse til å legge til rette for gode arbeidsprosessar, lobbyverksemd, etc.

Prosjektleiar må forutsettast å vere sekretariat for både Forumet og Arbeidsgruppa, og elles førebu saker og delta i Vestlandsrådet og AU sine møter.

Når Forumet har saker som skal til behandling i AU eller Vestlandsrådet, må prosjektleiar for Forumet samarbeide med Sekretariatsleiaren for Vestlandsrådet, og alle saker skal sendast frå Forumet til Sekretariatsleiaren for Vestlandsrådet.

3.7 Mandatet.

Næringsstrategien oppsummerer dagens situasjon på Vestlandet, og påpeikar mulege strategiar for framtidige satsingar. Heile Næringsstrategien er difor å oppfatte som eit samla mandat for vidare arbeid i Det næringspolitiske forumet. Men Forumet må prioritere sitt arbeid, og tenkje kvalitet, realisme og grundigheit i det ein tek mål av seg til å utføre.

Vestlandsrådet har utforma si «bestilling» slik:

Vestlandsrådet vedtek å etablere eit "Næringspolitisk forum for Vestlandet" for aktivt å følgje opp dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om.

Rammevilkåra for næringslivet blir sers viktig i samband med dette. Viktige næringar og bedrifter må stimulerast, slik at verdikjedene lokalt kan utbyggast meir, at verdiskapinga blir høgare, og at kompetansearbeidsplassar kan dannast som følgje av dette. Dette vil vere svært avgjerande for bosetting i alle delar av regionen. Jfr. følgande sitat frå Næringsstrategien (S. 23):

- På Vestlandet har vi rike tradisjoner med å temme og høste ressursar fra havet og naturen vår – dette blir minst like viktig for generasjonene som kommer etter oss
- I havrommet ligger mange av de største mulighetene for både vekst og grønn omstilling
- Vestlandet har potensialet til å ta posisjonen som den fremste havregionen – ikke bare i norsk næringsliv, men også internasjonalt
- Men vi må også bygge på andre fortrinn som naturen, med kysten, fjordene, fjellene og landskapet vårt, gir oss – både til næringsutvikling, og for å skape en attraktiv bo og besøksregion

Skal Vestlandsrådet lykkast med dette, må alle – både folkevalde og tilsette i fylkeskommunane – framsnakke Vestlandsrådet og arbeidet til Det Næringspolitiske forumet. Ikkje minst vil dette vere viktig i samband med møter og kontaktar som fylkeskommunane har overfor statlege styresmakter, Stortinget, m.v. Og det same bør gjelde næringsorganisasjonar og bedrifter, som også har store kontaktnett.

Under henvisning til Næringsstrategien (side 23) og Vestlandsrådets presisering ovanfor skal det næringspolitiske forumet serleg arbeide med følgande områder:

Havet:

- Havbruk og fiskeri
- Biomarine produkter

- Olje og gass
- Mineraler
- Dypvannsteknologi
- Sjøtransport
- Skipsdesign og -bygging
- Matproduksjon
- Maritime teknologier
- Fornybar energi

Fjord, fjell og landskap

- Reiseliv og opplevelser
- Fornybar energi
- Tradisjonell og ny kraftkrevende industri
- Landbruk og matproduksjon

I dette arbeidet blir det viktig å få større innflytelse på den nasjonale næringspolitikken, ved å legge til rette for Vestlandsrådets generelle påvirkningsarbeid opp mot sentrale styresmakter, serleg når det gjeld rammevilkåra for havnæringane, og som vil gjere det mogleg å realisere potensialet for nye, grønne eksportnæringar, slik at Vestlandet kan innta ein global posisjon på utvalde områder.

4 Kostnader knytt til arbeidet med å følge opp Næringsstrategien.

Kvar fylkeskommune bidreg i dag med kr. 600 000 årleg til Vestlandsrådet. Når rådet no har vedtatt å auke sitt næringsfaglege og politiske engasjement gjennom å utvikle ein felles Næringsstrategi for Vestlandet, vil dette medføre ekstra kostnader.

Ut frå organiseringa slik den er skissert i denne saka, kan kostnadane bli om lag følgande:

| | |
|--|------------------|
| Forumet: møtekostnader, reiser, etc. | 150 000 |
| Prosjektleiing (løn/honorar/sosiale kostnader) | 1 000 000 |
| Kontorutgifter, etc. | 50 000 |
| Konferansar, møter | 50 000 |
| Diverse | 100 000 |
| Sum | 1 350 000 |

Dette tilseier at kvar fylkeskommune totalt vil bidra med i overkant av 1 mill.kr. i året, til arbeidet i Vestlandsrådet og Næringspolitisk Forum for Vestlandet.

5 Arbeidsutvalets behandling i møte 21.12.2021

Synspunkt frå AU:

- Saksutgreiinga punkt 2 kulepunktet vedr. «Kompetanseutvikling»:
Det bør vurderast om forsknings- og innovasjonsmiljø utanfor dei ordinære utdanningsinstitusjonane bør inviterast med i det vidare arbeidet med næringsstrategien.

- Forslaget til vedtak punkt 3 «Medlemmar i forumet»:
LO, NHO og IN blir inviterte som medlemmar i forumet på følgande måte: Desse tre organisasjonane oppnemner ein representant kvar til forumet, som sin «Vestlandsrepresentant». Organisasjonane blir oppfordra til spre representasjonen slik at alle tre fylka blir representerte.

- Forslaget til vedtak punkt 5 «Prosjektleiing/administrativ organisering»:
Prosjektleiarfunksjonen blir utlyst for ein periode på 3 år.
Vedtaket i 2. avsnitt første setning bli da slik:
«Prosjektleiarfunksjonen blir å utlyse på vanleg måte, for ein avgrensa tidsperiode på 3 år, med mulegheiter for forlenging».

Endringsforslaga blir å innarbeide i saka som blir lagt fram for Vestlandsrådet.

Fylkeskommunedirektøren har ikkje merknader til at desse forslaga blir teke inn i saksframstillinga og i forslaget til vedtak.

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgande forslag til vedtak:

Fylkeskommunedirektøren viser til pkt 4 i Vestlandsrådets vedtak i sak 15/2021, og legg fram følgande forslag til organisering av det vidare arbeidet med Næringsstrategien for Vestlandet:

1 Organisering av det vidare arbeidet med realisering av Næringsstrategien for Vestlandet:

Prosessarbeidet bli organisert slik:

- a) Næringspolitisk Forum (vedteke oppretta i VR-sak 15/2021)
- b) Arbeidsgruppe
- c) Prosjektleiing

2 Mandat for Næringspolitisk Forum for Vestlandet:

Mandatet for det næringspolitiske forumet er å

- realisere næringsstrategien for Vestlandet, slik den er formulert pr. 29.6.2021 (jfr. side 23 og 39)
- arbeide for å få større innflytelse på den nasjonale næringspolitikken, serleg rammebetingelsar for havnæringane som gjer det mogleg å realisere potensialet for nye, grønne eksportnæringar på Vestlandet og ta global posisjon

Det Næringspolitiske Forumet tek sjølv stilling til prioritering av sitt arbeid, men må ta omsyn til Vestlandsrådets presisering i vedtaket i sak 15/2021: Forumet skal aktivt følgje opp *«dei delane av strategien som krev felles innsats på tvers av fylka, og utvikle ei felles stemme inn mot sentrale styresmakter på område som ein står samla om»*.

3 Medlemmar i Forumet:

Vestlandsrådet oppnemner følgende medlemmar til Forumet:

- Arbeidsutvalget (AU) i Vestlandsrådet/dei tre fylkesordførarane
- LO
- NHO
- Innovasjon Norge
- GCE Blue Maritime Cluster
- GCE Ocean Technology
- NCE Blue Legasea
- NCE Clean Tech
- Fjord Norge AS

Leiing av Forumet blir lagt til AU, v/den fylkesordføraren som til eikvar tid leier Vestlandsrådet og AU. Overnevnte organisasjonar blir inviterte v/ sine leiarar.

LO, NHO og IN blir inviterte som medlemmar i forumet på følgende måte: Desse tre organisasjonane oppnemner ein representant kvar til forumet, som sin «Vestlandsrepresentant». Organisasjonane blir oppfordra til spre representasjonen slik at alle tre fylka blir representerte.

4 Arbeidsgruppe

Næringsssjefane i dei tre fylkeskommunane utgjer arbeidsgruppa i Næringsstrategiarbeidet. Arbeidsgruppa kan etter behov trekkje med andre tilsette i fylkeskommunane.

5 Prosjektleiing/ administrativ organisering

Til å leie prosessane tilsettes ein prosjektleiar.

Prosjektleiarfunksjonen blir å utlyse på vanleg måte, for ein avgrensa tidsperiode på 3 år, med mulegheiter for forlenging. Arbeidsgjevarfunksjonen for vedkomande blir lagt til ein av fylkeskommunane. Denne ressurspersonen må både ha fagleg og kommunikasjonsmessig kompetanse til å legge til rette for gode arbeidsprosessar, lobbyverksemd, etc.


Prosjektleiar er sekretariat for både Forumet og Arbeidsgruppa, og skal elles førebu saker og delta i Vestlandsrådet og AU sine møter.

6 Ressursbehov

Vestlandsrådet si satsing på å utvikle og realisere «Næringsstrategien for Vestlandet» krev ressursar i form av løn, godtgjeringar, reiser/opphald, konferansar, kontorutgifter, m.v. Førebels – inntil ein får meir oversikt over prosjektframdrift og aktivitetsnivå – tilrås at følgende blir budsjettert (fullt driftsår):

| | |
|---|------------------|
| Forumet: møtekostnader, reiser, etc. | 150 000 |
| Prosjektleiing (løn/honorar/sosiale kostnader) | 1 000 000 |
| Kontorutgifter, etc | 50 000 |
| Konferansar, møter | 50 000 |
| Diverse | 100 000 |
| Sum, som fordels likt på fylkeskommunane (kr. 450 000 x 3) | 1 350 000 |

Organisatorisk skisse:



Ottar Brage Guttelvik
Fylkeskommunedirektør

Saksbehandlar:
Dagfinn Aasen

VR-sak 03/2022

Oppdatering av samarbeidsavtalen, m.v. for Vestlandsrådet

Innleiing

Vestlandsrådet vart etablert i 2003, som felles organ for fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Opp gjennom åra har det vore fleire gjennomgangar og endringar i regelverket knytt til Vestlandsrådet, det gjeld både vedtekter og samarbeidsavtale for rådet. Siste gong dette var oppe til behandling var i 2019, i samband med (ny) kommunelov og regionreform.

Det er også over tid utvikla ein «politisk plattform», som vart revidert/vedteke i 2020, og som rådet skal arbeide etter. Denne «plattforma» er ikkje eit lov- eller avtaleregulert dokument, den står på eigne bein og er dermed ikkje tema i denne saka.

Gjeldande samarbeidsavtale

Vestlandsrådet vedtok i juni 2019 ny samarbeidsavtale for rådet. Dette på bakgrunn av reglar i ny kommunelov, og til regionreforma, som reduserte talet på fylkeskommunar på Vestlandet frå 4 til 3.

Følgande vedtak blei fatta:

Vestlandsrådet rår til at Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland vedtek framlegg til ny samarbeidsavtale slik han ligg føre. Dette inneber at dei tre samarbeidande fylka har like mange representantar og betaler like stor kontingent til rådet.

Kvar av dei tre fylka oppnemner 6 representantar kvar til Vestlandsrådet.

For 2020 betalar kvart fylke kr 600.000. Dette vert innarbeidd i samarbeidsavtalen.

Dette vedtaket har fylkestinga i Rogaland og Vestland slutta seg til. Saka er ikkje politisk handsama i Møre og Romsdal. Realitetane i vedtaket har imidlertid Møre og Romsdal fylkeskommune forhalde seg til, mellom anna med innbetaling av tilrådd kontingent og val av representantar.

Gjeldande samarbeidsavtale vedteken av Vestlandsrådet i juni 2019 følgjer vedlagt.

Om samarbeidsavtalens § 1 Generelt

Ny kommunelov blei vedtatt i 2018 og ulike kapittel vart høvesvis sett i verk anten frå dato for konstituerande møter i kommunestyra/fylkestinga i 2019 eller frå 1.1.2020. Kommunane/fylkeskommunane har 4 år på seg på å tilpasse/justere/endre organiseringa av ulike typar folkevalde organ.

Vestlandsrådet er beslutta organisert etter kommunelova kapittel 18, som inneheld følgande fire paragrafar:

§18-1 Interkommunalt politisk råd

Navnet på organet skal innehalde orda «interkommunalt politisk råd», til dømes slik: Vestlandsrådet interkommunalt politisk råd (§18-1). I daglegtale held det nok med å bruke kortversjonen «Vestlandsrådet».

§ 18-2 Deltakaransvar

Paragrafen beskriv deltakaransvaret. Samarbeidsavtalen (§ 8) beskriv samarbeidet som likeverdig, med lik representasjon og like økonomiske forpliktelsar, dvs. 1/3 på kvar av fylkeskommunane. **Det kommunelova seier er at kvar deltakar har eit ubegrensa ansvar for sin andel av rådet sine forpliktelsar. Ordet ubegrensa må inn i samarbeidsavtalen.**

§ 18-3 Representantskap.

Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd. Samarbeidsavtalen slår fast (i § 3) at «Vestlandsrådets medlemmer er representantskap etter § 18-3 i kommunelova».

Representantskapet kan sjølv «opprette andre organer til styring av rådet. Representantskapet velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til slike organer».

Det betyr at representantskapet som er personidentisk med de som er vald inn som medlemmer av «Vestlandsrådet interkommunalt politiske råd» kan opprette t.d. eit Arbeidsutval, noko som er gjort og har fungert i mange år, og også eit «Næringspolitisk forum», som er eit tema i rådet si sak om Næringsstrategien.

§ 18-4 Samarbeidsavtale

Konsekvensen av § 18-4 er at samarbeidsavtalen erstattar det dokumentet som tradisjonelt har hatt nemninga VEDTEKTER. **Konsekvensen av dette igjen er at ein no bør ta inn i fylkestingsvedtaka som må gjerast at denne samarbeidsavtalen avløyser dei tidlegare vedtekter og styringsdokument fylkestinga har vedteke.** På denne måten er «bordet rydda», det er klårt for alle både no og i framtid kva som er styringsverktuet for Vestlandsrådet interkommunalt råd.

Arkiv

Bokstav h) omhandlar m.a. arkivfunksjonen dersom rådet blir oppløyst. Det som er utfordringa er korleis arkivfunksjonen fortløpande bør vere, for det er utfordringar knytt til den årlege rulleringa mellom fylkeskommunane vedkomande leiar- og sekretariatsfunksjon. Arkivfunksjonen var diskutert i 2019, og i utgreiinga til Vestlandsrådets møte (juni 2019) heitte det:

«Ny kommunelov krev at samarbeidsavtalen skal fastsetta korleis deltakarane kan tre ut av rådet og korleis rådet skal oppløysast. Ein skal og ha bestemmelsar om oppbevaring av arkiv. Arkivet har hittil vore knytta til det fylket som har leiar/sekretariatsfunksjonen. Men i Prop.46L (2017-2018) står det:

«Arkivfaglige prinsipper tilsier at arkiver fra en arkivskaper skal holdes samlet og atskilt fra andre arkivskaperes arkiver. Arkivmaterialet kan altså ikke deles opp med sikte på fordeling mellom de kommunene eller fylkeskommunene som har vært deltakere i rådet. Deltakerne må derfor i samarbeidsavtalen ta stilling til hvordan arkivmaterialet skal behandles etter en eventuell oppløsning.»

Det må såleis opprettast eit eige arkiv for Vestlandsrådet. Både dette og prosedyrar for oppbevaring av arkiv etter ei eventuell oppløysing må inn i samarbeidsavtalen».

I gjeldande samarbeidsavtale vart det ikkje teke stilling til korleis arkivfunksjonen skal vere. Det heiter kort i § 6 «Sekretariat» at fylkesrådmannen som har leiarvervet også «har arkivansvar»

For å betre mulegheitene for oversikt og kontinuitet bør det vurderast om eller korleis det er muleg å etablere eit eige arkiv for Vestlandsrådet hjå ein av fylkeskommunane, åtskild frå fylkeskommunens arkiv, men der dei tre fylkeskommunane har tilgang.

Om samarbeidsavtalens § 3 Samansetting

Storbyane på Vestlandet er invitert til å til å delta i Vestlandsrådets møter. I samarbeidsavtalens § 3 heiter det:

«Storbyane Bergen og Stavanger har høve til å møte som observatørar med talerett».

Seinare har Ålesund fått same tilbod. Det må innarbeidast i avtalen.

Korleis samarbeidet mellom Vestlandsrådet og desse tre storbyane skal vere – eller utvikle seg vidare – bør drøftast nærare. Byrådsleiaren i Bergen har tatt opp dette, jfr. vedlagde brev datert 14. desember 2021.

Om samarbeidsavtalens § 6 Sekretariat

Sekretariatsfunksjonen har sidan opprettinga av Vestlandsrådet vore organisert på to måtar: ei tid var sekretariatsfunksjonen fast (gjekk ikkje på omgang mellom fylka), no er det rullering kvart år.

Utfordringane for sekretariatet ligg i mangel på kontinuitet, og å kunne ha oversikt over det som elles skjer løpande i fylkeskommunane og i andre organ, og som har relevans for Vestlandsrådet. Skal sekretariatsleiaren ha ei proaktiv og initierande rolle og arbeide med meir enn saksproduksjon til rådet og AU, så er arbeid over tid viktig, og da bør sekretariatsordninga bli tatt opp til ny vurdering.

I samband med saka om organisering av Næringsstrategiarbeidet er sekretariatsordninga berørt. I og med at dette vart diskutert så seint som i 2019 foreslås ingen endringar no.

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgende forslag til vedtak:

1) I gjeldande 'Samarbeidsavtale for Vestlandsrådet' blir følgande innarbeidd/endra:

§ 1 Generelt:

I første setning:

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsorgan for fylkeskommunane på Vestlandet. Det offisielle namnet er **Vestlandsrådet interkommunalt politisk råd**.

§3 Samansetting

I siste setning blir Ålesund teke inn: ««Storbyane Bergen, Stavanger og Ålesund har høve til å møte som observatørar med talerett»».

§8 Økonomi – budsjett – rekneskap

Ny siste setning tas inn i § 8 samarbeidsavtalen:

«Kvar fylkeskommune har ubegrensa ansvar for sin andel av rådet sine forpliktelsar».

§6 Sekretariat

Sekretariatsleiar, i samarbeid med fylkeskommunane, bes utgreie framtidig arkivordning for rådet.

- 2 Tidlegare vedtekter (2014) for Vestlandsrådet blir med dette oppheva, og erstatta av denne samarbeidsavtalen.
- 3 Samarbeidsavtalen blir lagt fram for fylkestinga til godkjenning.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkeskommunedirektør

Saksbehandlar:

Dagfinn Aasen

VR-sak 04/2022 Om arbeidet i AU 2. halvår 2021 - orienterings sak

Innleiing:

AU har i 2. halvår hatt 4 møter: 10/6 – 5/10 – 11/11 – 21/12.

AU har i sine møter 10/6 og 5/10-2021 diskutert arbeidsformer og konkrete tiltak som det kan vere aktuelt at Vestlandsrådet engasjerer seg i.

Referatet frå sak 19 (10. juni) er følgande:

AU-sak 19-2021

Evaluering/synspunkt på 1. halvår 2021

Saka var lagt fram til diskusjon. Sak 21/2021 vart diskutert samtidig.

AU er nøgd med at arbeidet i Vestlandsrådet har vorte meir konsentrert, i tråd med den politiske plattformen. Dei strategiske grepa har som følgje av dette kome sterkare fram, og AU har vorte meir proaktiv. Likevel er det kanskje slik at ein kan kjenne ein viss avstand til Vestlandsrådet (Rogaland).

AU ønskjer å bli enda betre m.o.t. å fronte aktuelle saker. Det blir difor viktig at politikarane løfter inn viktige saker som er felles for dei tre fylka. Vestlandsrådet kan vere eit egna «verktøy» for oss.

Saksframlegg, møteopplegg, etc. fungerer tilfredsstillande.

AU vil legge til rette for at Vestlandsrådet kan bli det strategiske forum ein la opp til i den politiske plattformen. Framover blir det m.a. viktig å:

- *følgje opp næringsstrategiprosessen*
- *følgje opp handelsavtalen etter Brexit*
- *følgje opp Nasjonal Transportplan*
- *ta initiativ overfor Innovasjon Norge, og invitere dei til møte med AU eller Vestlandsrådet, ut frå deira rolle som viktigaste eksportfinansieringsinstitusjon. Vurdere om VR-møtet 2/9 kan passe for dette.*
- *følgje opp konkrete forslag som kom fra i møtet med Agenda Vestlandet/Zynk*
- *drøfte utviklinga for hurtigbåtane, og drive fram teknologiskiftet*
- *invitere NORA til eit av møta*

Det vil også bli lagt fram sak om interreg/Nordsjøprogrammet.

Næringsstrategiprosessen er fulgt opp i etterfølgende møter i AU og VR, og vidare arbeid og organisering blir avklart i VR-møtet 20. januar.

Innovasjon Norge var invitert og deltok på Vestlandsrådets møte 2. september.

Representantar frå NORA har ikkje hatt høve til å delta på Vestlandsrådets møter denne hausten. Invitasjon kan sendast til første ordinære møte den 24. februar 2022.

Løyvingar til interreg-programma er fulgt opp i form av brev til departement og Stortinget, jfr. vedlagde brev datert 19.10.21.

I vedtaket ovanfor blir det framheva at politikarane bør løfte inn viktige saker som er felles for Vestlandet som region og som Vestlandsrådet difor bør engasjere seg i. At det skjer blir svært viktig for å målrette arbeidet for Vestlandsrådet. Opp til i dag er det i praksis slik at fylkeskommunane i stor grad opptre kvar for seg.

I møte 5. oktober 2021 diskuterte AU om det er spesielle saker som skal følgast opp etter Stortingsvalet. Referatet frå denne saka er følgande:

AU-sak 30 – 2021 Etter Stortingsvalet – saker til oppfølging

Synspunkt frå AU:

- *Viktig at Vestlandsrådet v/AU har ei aktiv oppfølging overfor ny regjering, m.o.t. komande store og krevande omstillingsprosessar på Vestlandet*
- *Vestlandsrådet bør i hovudsak sjå på det store biletet, men viktige enkeltsaker kan og vere nødvendige å prioritere, t.d. at Enovastøtte til fergelading kan forsvinne, noko som er viktig for alle fylka*
- *Må avvente statsbudsjettet, (ny) regjeringserklæring og tilleggsproposisjon*
- *AU må kontakte «vestlandsbenkane» så snart dei har organisert seg og kome i arbeid – fylkesordførarane koordinerer sitt påverknadsarbeid overfor lokale stortingsrepresentantar. Det kan vere nyttig at t.d. AU reiser ned til Oslo for å ha fysiske møter med eksempelvis Vestlandsbenkene. Det vil synleggjere Vestlandsrådet i sterkare grad.*

Som det går fram ovanfor ønskjer AU å få gjennomført møter med stortingsbenkane, og da kan det også vere naturleg å følge opp tidlegare saker som Brexit, NTP, andre samfedsels spørsmål, etc.

Den nye regjeringa sitt «styringsdokument» – Hurdalsplattformen – inneheld ei rekkje ambisjonar og tiltak, og enkelte av dei kan sikkert vere aktuelle for Vestlandsrådet å følge opp. Men dette er eit reint (parti)politisk dokument som det ikkje er naturleg at sekretariatet lagar ei generell sak på.

I møta 11. november og 21. desember diskuterte AU serleg følgande saker:

- Næringsstrategien
- Samarbeidsavtalen
- Planlegging av det komande møtet i Vestlandsrådet (planlagt gjennomført i Bergen)

Synspunkt frå AU vedr. næringsstrategien er innarbeidd i VR-sak 2/2022.

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgende forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkeskommunedirektør

Vestlandsrådet

VR-sak 05/2022

Eventuelt